



Helse og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

**Vår ref.**  
11/6739/F00/KMK

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
06.10.2011

## **Høring - Forskrifter til ny helse- og omsorgslov Høyrings svar - Forskrift til ny helse- og omsorgslov**

Haram kommune har gjort følgjande vedtak:

### **Framlegg frå Rådmannen:**

Haram formannskap gjer følgjande vedtak:

Haram kommune har i fleire år satsa på førebyggjande arbeid gjennom folkehelsesatsinga. Gjennom langsiktig satsing har det vore stor aktivitet i å utvikle samhandling i arbeidet med barn og unge, og vi er med i den Interkommunale samarbeidsgruppa om Samhandlingsreforma i Ålesundregionens utviklingsselskap (ÅRU). Kommunen er såleis positive til intensjonen i reforma, har starta arbeidet og er innstilt på å ta det nye ansvaret som blir lagt til kommunen med reforma.

Konsekvensberekningar syner at Haram kommune får større kostnader med medfinansieringa enn det tilskotet som er varsla. Haram kommunestyre kan derfor ikkje akseptere å måtte gå inn i samhandlingsreforma med svekka økonomisk grunnlag. Innstrammingar i drifta synast i so fall, ikkje til å unngå.

Ålesundsregionen har svært låg dekning av privatpraktiserande spesialistar. Haram kommune har derfor få andre alternativ enn å nytte spesialistane ved helseføretaka. Polikliniske tenester ved helseføretaka utløyser plikt til kommunal medfinansiering medan private avtalespesialistar ikkje utløyser kommunal medfinansiering. Dette kan vere ein grunn til at Haram kommune, til liks med andre kommunar i vårt område, kjem økonomisk dårleg ut og ein fryktar at dette gir systematiske skeivfordelingar mellom kommunar. Dette må utgreiast nærare og kommunal medfinansiering for ambulante tenester må derfor utsettast til dette er utgreidd.

Haram formannskap kan heller ikkje akseptere at betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar vert utløyst same dag, uansett tid på døgnet, som pasientar vert vurdert utskrivingsklare. Erfaring tilseier at dette er for knapp tid til naudsynt kommunikasjon og til å planlegge forsvarleg mottak. For å unngå kommunikasjonssvikt og farlege situasjonar bør det minimum vere ein varslingsfrist på 24t.

Haram formannskap vil òg understreke at det er svært viktig for kommunane å få enkel tilgang til grunnlagsdata for kontroll av økonomisk oppgjør. I samsvar med vanlege rekneskapsprinsipp, må kommunen få høve til å utføre naudsynt kontroll før utbetaling. Slikt grunnlag for økonomisk oppgjør må kunne etterprøvast på person- og diagnosnivå.

Gjennom arbeidet i om Samhandlingsreforma i Ålesundregionens utviklingssekskap (ÅRU), ser ein at kommunane har mange samanfallande meiningar i saka. Ein ser difor at det vil vere ein styrke å ha høyringsuttalar som påpeikar det same, eller som sluttar seg til ein uttale frå andre. Med dei tilleggga som kjem frå kommuneoverlege Andreas Hunger støtter Haram Hareid kommune sin høyringsuttale.

### **Behandling i Formannskapet den 20.09.2011:**

Torleiv Rogne, Uavhengig valliste kom med framlegg om at saka skal til kommunestyret.

Ved røysting vart rådmannen sitt framlegg med framlegget frå Torleiv Rogne samrøystes tilrådd.

### **FS-080/11 Tilråding:**

Haram kommune har i fleire år satsa på førebyggjande arbeid gjennom folkehelsesatsinga. Gjennom langsiktig satsing har det vore stor aktivitet i å utvikle samhandling i arbeidet med barn og unge, og vi er med i den Interkommunale samarbeidsgruppa om Samhandlingsreforma i Ålesundregionens utviklingskontor (ÅRU). Kommunen er såleis positive til intensjonen i reforma, har starta arbeidet og er innstilt på å ta det nye ansvaret som blir lagt til kommunen med reforma.

Konsekvensberekningar syner at Haram kommune får større kostnader med medfinansieringa enn det tilskotet som er varsla. Haram kommunestyre kan derfor ikkje akseptere å måtte gå inn i samhandlingsreforma med svekka økonomisk grunnlag. Innstrammingar i drifta synast i so fall, ikkje til å unngå.

Ålesundsregionen har svært låg dekning av privatpraktiserande spesialistar. Haram kommune har derfor få andre alternativ enn å nytte spesialistane ved helseføretaka. Polikliniske tenester ved helseføretaka utløyser plikt til kommunal medfinansiering medan private avtalespesialistar ikkje utløyser kommunal medfinansiering. Dette kan vere ein grunn til at Haram kommune, til liks med andre kommunar i vårt område, kjem økonomisk dårleg ut og ein fryktar at dette gir systematiske skeivfordelingar mellom kommunar. Dette må utgreiast nærare og kommunal medfinansiering for ambulante tenester må derfor utsettast til dette er utgreidd.

Haram kommunestyre kan heller ikkje akseptere at betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar vert utløyst same dag, uansett tid på døgnet, som pasientar vert vurdert utskrivingsklare. Erfaring tilseier at dette er for knapp tid til naudsynt kommunikasjon og til å planlegge forsvarleg mottak. For å unngå kommunikasjonssvikt og farlege situasjonar bør det minimum vere ein varslingsfrist på 24t.

Haram kommunestyre vil òg understreke at det er svært viktig for kommunane å få enkel tilgang til grunnlagsdata for kontroll av økonomisk oppgjør. I samsvar med vanlege rekneskapsprinsipp, må kommunen få høve til å utføre naudsynt kontroll før utbetaling. Slikt grunnlag for økonomisk oppgjør må kunne etterprøvast på person-

og diagnosnivå.

Gjennom arbeidet i om Samhandlingsreforma i Ålesundregionens utviklingskontor (ÅRU), ser ein at kommunane har mange samanfallande meiningar i saka. Ein ser difor at det vil vere ein styrke å ha høyringsuttalar som påpeikar det same, eller som sluttar seg til ein uttale frå andre. Med dei tillegga som kjem frå kommuneoverlege Andreas Hunger støtter Haram Hareid kommune sin høyringsuttale.

### **Behandling i Kommunestyret den 29.09.2011:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **KS-054/11 Vedtak:**

Haram kommune har i fleire år satsa på førebyggjande arbeid gjennom folkehelsesatsinga. Gjennom langsiktig satsing har det vore stor aktivitet i å utvikle samhandling i arbeidet med barn og unge, og vi er med i den Interkommunale samarbeidsgruppa om Samhandlingsreforma i Ålesundregionens utviklingsselskap (ÅRU). Kommunen er såleis positive til intensjonen i reforma, har starta arbeidet og er innstilt på å ta det nye ansvaret som blir lagt til kommunen med reforma.

Konsekvensberekningar syner at Haram kommune får større kostnader med medfinansieringa enn det tilskotet som er varsla. Haram kommunestyre kan derfor ikkje akseptere å måtte gå inn i samhandlingsreforma med svekka økonomisk grunnlag. Innstrammingar i drifta synast i so fall, ikkje til å unngå.

Ålesundsregionen har svært låg dekning av privatpraktiserande spesialistar. Haram kommune har derfor få andre alternativ enn å nytte spesialistane ved helseføretaka. Polikliniske tenester ved helseføretaka utløyser plikt til kommunal medfinansiering medan private avtalespesialistar ikkje utløyser kommunal medfinansiering. Dette kan vere ein grunn til at Haram kommune, til liks med andre kommunar i vårt område, kjem økonomisk dårleg ut og ein fryktar at dette gir systematiske skeivfordelingar mellom kommunar. Dette må utgreiast nærare og kommunal medfinansiering for ambulante tenester må derfor utsettast til dette er utgreidd.

Haram kommunestyre kan heller ikkje akseptere at betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar vert utløyst same dag, uansett tid på døgnet, som pasientar vert vurdert utskrivingsklare. Erfaring tilseier at dette er for knapp tid til naudsynt kommunikasjon og til å planlegge forsvarleg mottak. For å unngå kommunikasjonssvikt og farlege situasjonar bør det minimum vere ein varslingsfrist på 24t.

Haram kommunestyre vil òg understreke at det er svært viktig for kommunane å få enkel tilgang til grunnlagsdata for kontroll av økonomisk oppgjør. I samsvar med vanlege rekneskapsprinsipp, må kommunen få høve til å utføre naudsynt kontroll før utbetaling. Slikt grunnlag for økonomisk oppgjør må kunne etterprøvast på person- og diagnosnivå.

Gjennom arbeidet i om Samhandlingsreforma i Ålesundregionens utviklingsselskap (ÅRU), ser ein at kommunane har mange samanfallande meiningar i saka. Ein ser difor at det vil vere ein styrke å ha høyringsuttalar som påpeikar det same, eller som sluttar seg til ein uttale frå andre. Med dei tillegga som kjem frå kommuneoverlege Andreas Hunger støtter Haram Hareid kommune sin høyringsuttale.

Med helsing

Kristin Molt Korsnes  
Einingsleiar Helsetenester

Interntlf. 70207681